



## Voss og omland LOP

Lokallag for kommunane: Aurland, Granvin, Ulvik, Vaksdal og Voss  
under

**LANDSFORBUNDET FOR OFFENTLIGE PENSJONISTER**

Internett adresse: [www.lop.no](http://www.lop.no)

---

### Årsmelding 2018 for Voss og omland LOP

#### Styret for 2018:

Leiar:	Ragnhild Mølster Lidal
Nestleiar:	Gunnvor Børsheim Lindland
Kasserar:	Ivar Lindland
Skrivar:	Torstein Gunnarson
Styremedlemer:	Astrid Skiple Berly Mjøs Giljarhus, teaterkontakt Oddvar Skjefstad
Varamedlemer:	Asle Nesheim Torunn Langmyhr Ringheim Ingebjørg Reisæter Skorpen
Revisor:	Gunnar Grove, vara Arve Søgård
Valnemd:	Ole Christian Agerlie Brita Dalsbotten Glimme Marta Lindland
Vara:	Laila Røthe

#### Medlemstal.

Ved utgangen av 2018 har laget 204 medlemmer, mot 205 året før.

Det er kome til 9 nye medlemmer, 4 er døde, 6 er utmelde/stroken grunna manglande innbetaling av kontingent. Årsak er for det meste alder og/eller sjukdom.

Det er 4 medlemmer frå Granvin, 8 medlemmer frå Ulvik, 6 medlemmer frå Vaksdal, 1 medlem frå Aurland, 1 medlem frå Vik i Sogn og 184 medlemmer frå Voss.

#### Medlemsmøte.

Det er halde to medlemsmøte i 2018

Årsmøtet vart halde i Velferdsentralen 28.februar.

Banksjef Jørund Rong i Voss Sparebank fortalde frå saga til banken. Voss sparebank var 175 år i 2018. Vidare snakka han litt om banktenester og eldre.

Årsmøtet vart ellers gjennomført i samsvar med vedtektene.

42 medlemmer var tilstades

Haustmøtet vart halde i Velferdsentralen 18.oktober.

Musikk ved små spelemenn frå Voss spelemannslag

Turistsjef Mona Hellesnes fortalde om «Utvikling av turismen på Voss»

Den nye posten Quizz, med bilder frå kjende stader på Voss, var svært velluka.

Ved utloddinga kom det inn kr 2000.

Info frå LOP sentralt og arbeidet vårt lokal

39 medlemer var til stades.

### **Styremøte**

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 42 saker

### **Brev/førespurnader.**

Vi har sendt to saker til Seniorrådet som vi bede dei arbeida vidare med.

Oppretting av stilling som Audiolog på Voss

Oppretting av namna minnelund på ein av gravplassane på Voss

Vi har sendt tilbakemelding om: *Høyring frå Voss kommune om oppstart av planarbeid for off områdereguleringsplan for Vossevangen.*

### **Media**

I august/september fekk vi stor merksemd med både første side i lokalavisa Hordaland og seinare støtte i leiaren i same avis, då vi tok opp saka om at ein må bestilla time via nettet for å få tilgang til Skattekontoret.

Saka om oppretting av minnelund vart og omtala i lokalavisa.

Vi har fått mange positive tilbakemeldingar frå folk på begge desse sakene.

### **Deltaking på møte**

Leiar i laget deltok på Innbyggarmøte om Velferdsteknologi i regi av Voss kommune 5.april

Styremedlem Torstein Gunnarson deltok i LOP sitt årlege kurs på Gardermoen 17. - 18.april

### **Turar**

Den tradisjonelle to-dagarsturen i august var planlagt til Hamar/Elverum. Det melde det ikkje seg nok deltakarar og turen vart avlyst.

Vi planlegg ny tur sommaren 2019.

### **Konsert- og teaterturar**

Det har vore arrangert to teaterturar og ein konserttur i 2018.

6.mars var vi på Den Nationale Scene i Bergen og såg «Kristin Lavransdatter» som musikal.

50 personar deltok. Torill Markussen Ringheim orienterte på bussen.

24.mai, i samband med Festspela, var vi på konsert i Grieghallen. Berlioz: «Grand messe de Morts» var på programmet. 15 personar deltok.

22.november var vi på Hordaland teater og såg «Mottro» av og med Linda Eide. 50 personar deltok.

På teaterturane deltok i tillegg til eigne medlemer også medlemer i Forsvarets seniorforening.

### **Kurstilbod.**

Det har ikkje vore halde kurs i 2018.

### **Økonom**

Laget har ein stabil og god økonomi. Viser til framlegging av revidert rekneskap frå kasserar.

### «Den Kulturelle Spasestokken»

Vi vart, etter søknad, tildelt kr 5000 frå «Den Kulturelle Spaserstokken» også i 2018. Midlane vart bruk til subsidiering av den enkelte sine utgifter til konsert- og teaterturane. I 2018 utgjorde det omlag kr 47 pr deltakar.

Det er Seniorrådet som fordeler midlane. Det er sendt tilbakemelding til Voss kommune om bruken av midlane.

### Seniorrådet

Kirsten Takvam er LOP sin representant i Seniorrådet. Vararepresentant er Gunnar Grove.

Medlemmer av Seniorrådet blir valt for ein heil valperioden. Kirsten Takvam har vore nestleiar i rådet. Siste tida har ho fungert som leiar, då den valde leiaren trekte seg.

### Samarbeid med dei andre pensjonistlaga på Voss.

Det har ikkje vore samarbeid med dei andre pensjonistlaga på Voss utover at det er gitt tilbod om å delta på konsert- og teaterturane våre. Svært få har nytta seg av dette tilbodet.

### Namnebyte.

Frå 1.januar 2018 er namnet til laget *Landsforbundet for offentlige pensjonister*. Namneendringa vart vedteke på Landsmøtet i Trondheim i 2017. Logo, LOP, og farge på logo blir som før.

### Planar vidare

Styret ønskjer å halda fram arbeidet slik vi har gjort. Medlemsmøter vår og haust, tur på ettersommaren og teatertur kvart halvår.

Vi prøver å få igang eit kurs i samarbeid med Voss gymnas med opplæring/hjelp i bruk av nettbrett og smartelefon.

Vi vil engasjera oss med brev og avisinnlegg i saker som gjeld eldre/pensjonistar der vi finn sakene relevant.

Vi vil halda trykket oppe på arbeidet med oppretting av psykolog for eldre, audiolog-teneste, kommunal vaktmeister og oppretting av namna minnelundar på Voss. Seniorrådet arbeider også med desse sakene.

Vi tek meir enn gjerne i mot tips og ynskje frå medlemene til andre aktivitetar og saker som laget bør engasjera seg i.

Voss 21.02.2019

Ragnhild Mølster Lidal, leiar

Gunnvor Børsheim Lindland, nestleiar

Torstein Gunnarson, skrivar

Ivar Lindland, kasserar

Berly Mjøs Giljarhus, styremedlem

Astrid Skiple, styremedlem

Oddvar Skjefstad, styremedlem